



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 28.01.2026

Vår ref.: 202006063-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om regulering av Halvfjerdingsvatnet og endra slukeevne i Ekkjestølen kraftverk i Ullensvang kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Småkraft AS om løyve etter vassdragsreguleringslova til å regulere Halvfjerdingsvatnet, og om å endre minste og største slukeevne i Ekkjestølen kraftverk. Søknaden med vedlegg blir no send på høyring med høyringsfrist 30.04.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Småkraft AS, datert 05.10.2021, om løyve til å regulere Halvfjerdingsvatnet 3 meter mellom høgaste regulerte vasstand (HRV) på kote 904,0 og lågaste regulerte vasstand (LRV) på kote 901,0. Normalvasstand er 902,0 moh. For å utnytte restkapasitet i eksisterande elektromekanisk utstyr blir det også søkt om å redusere minste slukeevne frå 150 l/s til 35 l/s, og om å auke største slukeevne frå 980 l/s til 1100 l/s. Foreslått minstevassføring forbi planlagd dam i Halvfjerdingsvatnet er 75 l/s i perioden 01.06 – 31.08. Tiltaket er venta å auke kraftproduksjonen med 2,8 GWh/år.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8918/v. Søknaden skal behandlast etter reglane i vassdragsreguleringslova § 12 . Etter delegeringsvedtak frå Energidepartementet av 29. august 2025, vil NVE gjere vedtak i saka.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngeevne forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8918/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202006063 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202006063 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **30.04.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Ullensvang kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Kjersti Sternang Kvie

seniorrådgivar

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Vedlegg: Kopi av kunngjeringa

Mottakarliste:

Norges Jeger- og Fiskerforbund
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
STATNETT SF
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Mattilsynet
BERGEN OG HORDALAND TURLAG
Odda/Ullensvang turlag
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Villreinnemnda for Hardangerviddaområdet
Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
ULLENSVANG FJELLSTYRE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ULLENSVANG KOMMUNE
NATURVERNFORBUNDET I HARDANGER
Vestland vassregion
Vestland vassregion - Merete Farstad

Kopimottakarliste:

SMÅKRAFT AS
SMÅKRAFT AS - Bård Kvinge